

## SAK 67/23 BEREKRAFTIG REISEMÅL - REMERKING

### Saksopplysing:

Alle dei seks destinasjonsselskapa i Hallingdal er merka som «Berekraftig reisemål.» Gol, Nesbyen, Hemsedal og Ål, vart merka i 2022, og skal i gong med oppfølging og etter kvart remerkinsprosess no. Geilo er allereie remerka for andre gong og Flå er merka saman med Norefjell og kører sin remerkinsprosess der. I sak 50/23 vart det gitt klare signal frå kommunane om at dei ønskjer å bli remerka som berekraftig reisemål, og det vart fatta slikt vedtak:

1. *Regionrådet rår kommunane Hol, Ål, Gol, Nesbyen og Hemsedal til å vera med på å finansiere ei regional stilling øyremerka remerking av berekraftig reisemål med 10% av ei 100% stilling i 2 år. Dette vil utløyse tilsvarande beløp frå sparebankstiftelsen Hallingdal.*
2. *Regionrådet rår alle kommunar til å gå i dialog med destinasjonsselskapa for å finne svar på følgande:*
  - *Organisering av destinasjonsleiinga, organisering av remerking, samt rolleavklaring og ansvarsfordeling mellom partane*
  - *Kor stor ressurs er det behov for lokalt og korleis dette kan finansierast på kort sikt og på lang sikt*

Oppfølging av merkeordninga og sjølve remerkinsprosessen krev at det vert sett av tid og pengar til å gjera jobben. Innovasjon Norge har stipulert tidsbruken til mellom 30 og 50 % stilling pr. destinasjon. Me trur at dette kan effektiviserast noko ved å få på plass ein regional ressurs som tek seg av dei indikatorane som er like for alle destinasjonane. Om kommunane løyver til saman kr 900 000, utløyser dette eit tilsvarande beløp frå Sparebankstiftelsen Hallingdal. I tillegg har me fått signal om at alle destinasjonsselskap får kr 200 000 frå Innovasjon Norge til remerkinga.

10 % stilling pr. år er om lag 90000 kr pr år – 180000 på to år

Kommunalt bidrag til remerking er 180 000 *5	=	kr 900 000
Dette utløyser tilskotsmidlar frå SB1 stiftinga	=	kr 900 000
<u>Tilskot frå Innovasjon Norge</u>	=	<u>kr1000000</u>
<u>Til saman</u>		<u>kr2800000</u>

No har vedtaket frå Regionrådet vore oppe politisk i alle aktuelle kommunar og sjølv om det ikkje er fatta vedtak i alle kommunar, er det mykje som tyder på at ikkje alle har innstilt i tråd med Regionrådssak 50/23. Saka handlar difor om me skal gå vidare med eit regionalt samarbeid eller kvar kommune for seg.

### Vurdering:

Alle kommunar og destinasjonar er nøgde med, og stolte av at ein har vorte merka som berekraftig reisemål og har sendt klare signal om at ein ønskjer å fortsette med status som «merka»

Regionrådsadminstrasjonen har difor fått på plass ei opsjonsavtale med Hallingdal Næringshage om ein mogeleg ressurs som kan gjera jobben saman med kommunane. I tillegg er den totale økonomien i ordninga avklara. Me trur og håpar ikkje at det er behov for større kommunal løyving enn 10% stilling pr. år i to år, men me må ha ein rask avklaring på om kommunane ønskjer ei regional stilling, om dei vil ordne remerkinga sjølv, eller om ein vel å gå ut av ordninga.

### *Ein regional ressurs*

Prosjektet har altså foreslått å opprette ei 100% regional stilling som skal ha hovudoppfølginga av merkeordninga saman med destinasjonane. Tanken er at ei slik stilling kan jobbe med dei oppgåvane som er felles for alle destinasjonane i ein merkeprosess.

Døme på oppgåver kan vera:

- Organisering av ulike undersøingar: Gjesteundersøking, innbyggjarundersøking, medlemsundersøking
- Følge opp hanandlingsplanar med felles tiltak for Hallingdal - forankra i strategisk plan for Hallingdal
- Koordinere den kommunale innsatsen, samt gjera individuelle tilpasningar per kommune
- Jobbe med miljøfyrtnertifisering, ringvirkningsanalyser, vertskapskurs og andre konkrete tiltak
- Skaffe felles dokumentasjon på t.d. returpunkt, tömmestasjonar OSB
- Leie prosessen og koordinere innsatsen mellom destinasjonane

Sparebankstiftelsen Hallingdal har stadfesta at dei er med på å finansiere inntil 50% av kostnadane knytt til ei slik regional stilling i 2 år. Føresetnaden er at det kjem tilsvarende beløp frå destinasjonane, kommunen eller næringa, og at stillinga blir ein del av Hallingdal Berekraftsenter.

Innovasjon Norge gir 200 000 kr. pr. destinasjon for å få til remorkinga, ut frå dei signala me har fått.

Dagleg leiar meiner at ei ordning med ein regional stilling i kombinasjon med nokre lokale ressursar vil vere den rimlegaste måten å få til ei remorking på, men det er fleire moglege løysingar

1. Regional stilling + lokal stillingsressusr som alle kommunar er med på. Sjå sak 50/23
2. Regional stilling + lokal stillingsressusr som 3 eller fleire kommunar er med på.
3. Kommunane finansierer og organiserer sjølv.
4. Kommunane går ut av ordninga
5. Kombinasjon av 2 - 4.

### **Forslag til vedtak:**

Saka blir lagt fram utan innstilling

Hallingdal, 12. des 2023

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar